

## Ja til utjamning av nettleiga

### **Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner det er på høg tid med ei meir rettferdig fordeling av nettleiga, og at den kan utjamnast med enkle grep utan tap av effektivitet.**

Vi oppmodar difor Stortinget om å støtte representantforslaget om utgreiing av ulike modeller for utjamning av nett-tariffane frå stortingsrepresentantane Storehaug, Bollestad, Bekkevold og Bransdal.

I Noreg er det store geografiske skilnader på kva innbyggjarane må betale i nettleige. Nettleiga varierer med svimlande 1000 kr per måned mellom dei husstandane som betaler mest og dei som betalar minst i nettleige. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane meiner innretninga på dagens nett-tariff er urettferdig. Det er folk og næringslivet i område med store fornybare energiressursar som må betale rekninga for nettutbygginga til ny fornybar energi. Det er ingen berekraftig og rettferdig modell.

Sogn og Fjordane står for ti prosent av den norske kraftproduksjonen. Vi produserer årleg 15 TWh noko som tilsvarande straumforbruket til 560 000 husstandar. Vi har store fornybare ressursar, og kvart femte planlagde vasskraftprosjekt ligg i fylket vårt. Store geografiske avstandar, krevjande geografi og lite folk å fordele kostnadene på, gjev distrikta høg nettleige slik fordelingsmodellen er no. Sogn og Fjordane er eit overskotsområde for kraftproduksjon. Krafta vert bygd ut lokalt og forbrukt nasjonalt og internasjonalt. Det kan ikkje vere slik at fornybarområda skal ta rekninga for nettutbygginga for kraft som skal nyttast primært i andre landsdelar, eller vert eksportert.

Vi treng ei nasjonal og rettferdig utjamning av nettleiga i distribusjonsnett, slik vi har hatt for transportnett. Det trengs politisk vilje på Stortinget til å finne ein modell for utjamning av nettleiga. Systemet slik det er i dag er urettvist.